

REFERAT

Dato : 14. januar kl 1900
Tilstade : Irene, Jostein, Hallgeir, Elin, Anders, Nina, Karl Anders, Oddgeir og Evy.
Ekstra kjekt at Karl Anders og Oddgeir kom å var i lag med oss på møtet.

Anders ynskte velkomen. Det var ingen kommentarar til innkalling og sakliste.

Sak 01/20 Godkjenning av referat frå sist møte.

Godkjent og ingen kommentarar.

Sak 02/20 Gjennomgang av post.

Ingen inngående post.

Sak 03/20 Gudstenesteplan våren 2020

Vi gjekk igjennom kalenderen som Anders hadde laga til og satte opp kyrkjevertar og offerformål, sjå vedlegg.

Kommentarar til kalender:

29. februar har vi fått forespørsel frå Herøy mållag v/Berit Klepp om å vere med å arrangere Petter Dass kveld. Det var soknerådet positiv til. Kurt Dalstrøm vil møte.

31. mars er det Fasteaksjon, Kirkens nødhjelp. Knut Anders sender forslag med fordeling av roder for dei ulike konfirmantane. Vi vil også prøve å få til prøving av konfirmant kapper denne dagen.

1. mars er det «Søndagskulen sin dag». Elin vil spørre Bjørg Warholm, Britt Hilde Slettebakk og Monika Lillestøl om å vere kyrkjevertar denne dagen.

Sak 04/20 Offervåren 2020

Er satt opp på lista til Anders, sjå vedlegg.

Sak 05/20 Fastsetting av Årsmøte

Årsmøte vert avholdt 29. mars etter Gudstenesta. Katrin byrjar å skrive på Årsmelding og samarbeidar med Anders. Gustav Warholm vert spurt om å vere revisor.

Sak 06/20 Konsert med Stig Ulv

Anders hadde fått forespørsel om konsert med Stig Ulv. Dette var soknerådet positiv til. Han skal ha kr 10 000,- i honorar. Vi serføre oss ein billettpris på kr 250,-. Anders har snakka med Bjørn Holum. Vi får benytte deira nett-billettsystem og stå på «sceneprogrammet» for Fosnavåg konserthus. Dei tek kr 20,- pr. billett.

Vi forslår konsertdato 19. mars 2020 kl 1900. Anders tek dette vidare, så tek vi det der i frå.

Eventuelt

Hugseliste for kyrkjevertar:

- oppmøte ca kl 1015
- tenne lys
- koke kaffi
- lage til saft og vatten
- lage til bønnekrukka
- ynskje velkomen i døra
- rydde opp att
- telle offer pengar i lag med kyrkjetenar

Tjørvgå 14. januar 2020

Evy Anita Storøy
ref.